



Jim Roger Gripsgård
BUSTØLVEGEN 39
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/346 - 22/18878

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
07.03.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 322/132 Mjåtveit

Tiltak: tilbygg/carport for bruktbilbutikk
Byggjestad: Gbnr: 322/132
Tiltakshavar: Jim Roger Gripsgård
Ansvarleg søkjar: Rolf Hamn

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.01.2022.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf byggesaksforskrifta § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Planteikningar må syne avstandar til nabogrenser, samt andre bygningar på eigendomen.
2. Køyremønster på eigendomen må gjerast greie for. Administrasjonen ber om at forholdet skisserast på målsett teikning.

Kommunen ber om at tilleggsmønstre vert sendt inn samla innan 04.04.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jim Roger Gripsgård
Rolf Hamn

BUSTØLVEGEN 39
Sundet

5919 FREKHAUG
5918 FREKHAUG